

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 12.06.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, , Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Jan Tore Huus og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Thorleif Gjernes

Referent: Kaia

**Sak 2018/35: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.**

**Sak 2018/36: Godkjenning av referat frå styremøte 08.05.18; godkjent**

### **Sak 2018/37: Økonomi / administrasjon:**

Endringar i styret:

Til orientering: Aud Berit Garnes har munnleg og i epost bedt om å få gå ut av styret. Styret må akseptere avgangen, og det fører til at Sigmund Eiken som 1. vara rykkjer opp til styremedlem. Kenneth Vikane har varsla at han vil vere borte i siste halvdel av året grunna arbeid. Styret innvilgar permisjon ut 2018 og 2. vara Liv Bente Steiro rykker opp som styremedlem i denne perioden.

Jondal Frivilligsentral ynskjer å teikne eit abonnement på tilskuddsportalen.no dersom den får utbetalt ein viss sum frå kommunen, men vil ha frivillige lag med på betaling av den månadlege avgifta. Portalen kan gje god oversikt over stønadsordningar og elles vere til hjelp i kommunikasjon internt og vil vere nyttig for ein periode, og styret er positive under føresetnad av at det vert brei oppslutnad frå laga i kommunen.

### **Sak 2018/38: Tilstellingar:**

Haustmarknaden på Herand Kulturhus laurdag 6. oktober – drøfting av program og ansvar. Nytt av året er konsert med Hardanger Big Band! Elles matmarknad, kafe, komlemiddag med meir. Om nokon vil ta eit tak – meld dykk til styret – me treng fleire hender!

Jonsok – eit utspel på facebook har gitt ingen respons på folk som vil ta ansvar for feiringa. Det har vore vanskeleg dei siste åra å rekruttere ein komite. Skal vi avlyse det? Gunnar sender ein siste mail til fjordårskomiteen og nokre utvalde og oppfordrar om å ta ansvar for arrangementet. Svarfrist innan torsdag 14.06. Viss ikkje respons vert det ikkje feira jonsok i Herand.

### **Sak 2018/39: Bygningar og eigedom:**

Styret laga liste over ansvar for søppeltøming, slåing av gras og blomevatning for sommaren.

Kulturhuset; Status innkjøp av utstyr – ekstra lydanlegg kjøpt inn og prøvd, prosjektørlerret kjøpt inn, trådlause mikrofonar bestilt, videoprojektør i arbeid.

Vi har fått klarsignal frå Hardangerstiftinga for stønad med full dekning (95.000,-) til prosjekta med reparasjon av leskuret og utskifting av punkterte vindauge, og prosjektet kan starte opp. Jondal Bygg kan ikkje starte arbeidet i leskuret før til hausten. Husreglar for Kulturhuset er lagt inn på nettsidene, og med ekstra presiseringar av reglar for leige.

Meieriet: Det er oppdaga at huset ikkje har vore overført frå Herand Fruktpakkelaag til bygdelaget med ny skøyte. Jon Steinar Skeie var siste styreleiar i fruktpakkelaaget og kan underskrive det, men bygdelaget må betale dokumentavgift. Styret set i verk dette arbeidet straks. Arbeidet med å forbetre drenering ved Meieriet kan settast i gang.

Båtbyggjarmuseet; nesten ferdig beisa, sluttrapport må sendast Hardangerstiftinga for utbetaling av støtte.

### **Sak 2018/40: Økonomi;**

Økonomi: Angunn la fram resultat pr 31.05.18.

Det leggst inn i sakslista til styremøta eit fast punkt om søknader/rapportering sånn at vi har kontroll på fristar ol.

### **Sak 2018/31: Eventuelt:**

- Herand.no – styret oppmodar alle lag og brukare til å sende inn nyhende og endringar fortløpande!
- Stiftinga Herand Aktiesagbruk er vedteke samanslått med stiftinga Hardanger og Voss museum. Stiftelsestilsynet sa nei til nedlegging av stiftinga Herand Aktiesagbruk, men resultatet vert i praksis det same for drifta.
- Styret prøver igjen å invitere kommunestyret til å holde eit møte i Herand Kulturhus i haust.
- Herand Landhandleri; me venter framleis på innkalling til generalforsamling.

**Neste møte tysdag 14.08.18 kl. 19.30 på Herand kulturhus.**